

A-laget har i dag spela kamp i 6. divisjon mot Søfteland som ligg godt plassert på tabellen. Kampen enda uavgjort 1 - 1 etter at Søfteland hadde leia ved pause.

Kampen gjekk på grasbanen i Rosendal, og i følgje rapportane var første omgangen jamnspele, men Søfteland sette inn ei scoring etter litt uheldig forsvarsspel. Stillinga ved pause var dermed 1 - 0 til gjestelaget.

Etter pause hadde Rosendal overtaket og spela seg til sjansar. Utteljing fekk dei då Sindre Omvik utlikna. Etter dette køyrde Rosendal kampen fullstendig og burde ha vunne kampen etter alle sjansane dei hadde. Likevel vert det rapportert om at dei er fornøgd med 1 poeng ut frå forventningane på førehand sidan Søfteland er eit av topplaga i divisjonen. Søfteland ligg no på 4. plass med 20 poeng medan Rosendal er på 7. plass. Tabellen kan de sjå her: <http://www.fotball.no/System-pages/Tabell/?tournamentId=139763>

Hermund Døssland, Sondre S. Myklebust og Marius Myklebust var dei tre uskedelingane som var med på laget i dag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.